

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 25.05.2022  
**FRÅ:** Administrerende direktør  
**SAKSHANDSAMAR:** Gjertrud Jacobsen  
**SAKA GJELD:** **Kreftbehandling i Helse Vest - status**

**ARKIVSAK:** 2019/5805  
**STYRESAK:** 057/22

**STYREMØTE:** 13.06. 2022

### Administrerende direktør si orientering pkt. 7

.....

#### Kreftbehandling i Helse Vest – status

Dette er ei kort orientering om status for arbeidet med kreftkirurgi i regionen. Ei meir omfattande sak vil bli lagt fram for styret 5. oktober 2022.

I sak 100/19 ble følgjande vedtatt av styret i Helse Vest:

- a. Helse Vest skal kvart år gjere ein gjennomgang av kreftkirurgien i regionen opp mot krava som er sett til kreftkirurgisk verksemd i Noreg. Det skal gjerast årleg gjennomgang av aktuelle kompenserande tiltak, og ei meir omfattande vurdering av funksjonsfordelinga etter om lag fire år. Dei kompenserande tiltaka skal vere konkrete og forpliktande. Dersom kompenserande tiltak ikkje kan sikrast for eit fagområde må ny funksjonsfordeling vurderast.
- b. Kompenserande tiltak for fagområda lunge-, nyre, bryst og bukspyttkjertel skal vurderast spesielt i årleg gjennomgang.
- c. Basert på forslag til tiltak i rapporten om annan elektiv kirurgi skal eit regionalt prosjekt utarbeide konkrete forslag til korleis desse kan gjennomførast i helseføretaka. Det skal spesielt leggjast vekt på arbeidet med pasientstraumar slik at pasientane i større grad vel eige føretak når det er mogleg. Prosjektet skal og vurdere om det kan gjerast spesielle satsingar innanfor avgrensa fagområde.
- d. Helse Vest vedtek funksjonsfordeling for kreftkirurgi som følgjer under føresetnad av at kompenserande tiltak blir gjennomført: *(tabellen er ikkje tatt med her)*

Helse Vest gjennomførte etter styrevedtaket ein omfattande prosess med eigne faggrupper for fagområda lunge-, nyre, bryst, bukspyttkjertel og gynekologi for å forankre kompenserande tiltak. Eit viktig grunnlag for nokre at tiltaka er møter i multidisiplinære team (MDT-møter) både i HF og

mellom HF der alle relevante spesialister for den aktuelle kreftform er med. Det blei derfor i tillegg er det gjort eit grundig arbeid med å få på plass gode rutinar og tekniske løysningar for regionale MDT-møter. Basert på desse faglege grunnlaga skal det utarbeidast meir formaliserte avtaler mellom helseføretaka. Dette arbeidet er på grunn av pandemien noko forsinka.

Helse Vest gjer årleg vurdering av aktivitetstala for de aktuell kreftområda. Tala for 2021 er akkurat klare frå Norsk pasientregister (NPR) og blir nå tilrettelagt av analyseteamet i Helse Vest. Ved første gjennomgang av tala ser vi ingen store avvik, men ei svak auke i talet på inngrep i føretaka. Heller ikkje i 2020 var det større avvik.

Resultata frå nasjonale kvalitetsregistre for ulike kreftformer for 2021 er nettopp publisert. Desse vil bli gjennomgått med helseføretaka.

Før resultata blir presentert for styret ønsker vi å ha møter med helseføretaka for ein gjennomgang av resultata, kompenserande tiltak og bemanning. Dette vil bli gjort før og etter sommarferien.

Styresak om kreftbehandling i oktober 2022 vil omhandle følgjande:

- Tal på aktivitet og utvikling i volum for utvalde kreftområder
- Bemanning
- Resultat frå kvalitetsregistra
- Status for kompenserande tiltak og arbeidet med formalisering av avtaler mellom HF-a
- Pakkeforløp kreft
- Status for innføring av pakkeforløp heim for kreftpasientar.
- Status regionalt arbeid med etablering av tilbod om behandling av pasientar med seineffektar av kreft
- Oppsummering av eigne møter med HF-a